

**Delavtale mellom**

**xx kommune og Helse Førde HF**

**Samarbeid om lærings- og meistringstilbud**

# Delavtale - samarbeid om lærings- og meistringstilbod

## 1. Partar

Avtalen er inngått mellom xx kommune og Helse Førde HF.

## 2. Bakgrunn og lovgrunnlag

Arbeidet med delavtalen er heimla i rammeavtale mellom Helse Førde og kommunane, pkt 4 og delavtale nr 2 om koordinerte tenester, pkt 8.2:

*«Partane skal samarbeide om å førebygge sjukdom og tilby lærings- og meistrings-tilbod som bidrag i individuelle rehabiliteringsprosesser for store pasientgrupper og brukarar/pasientar som har behov for endring av levevanar. Specialisthelsetenesta skal tilby gruppebasert opplæring som ein del av pasientforløpa og nytte Lærings- og meistringsenteret som læringsarena. Partane skal vidare samarbeide om å utvikle kommunale lærings- og meistringstilbod som kan gjevast lokalt. Dette skal fastleggjast nærare i ein eigen delavtale om læring og meistring.»*

Menneske i alle aldrar lever med langvarig/kronisk sjukdom og helseproblem som verkar inn på livskvalitet, arbeidsevne og familie- og kvardagsliv. Lærings- og meistringstilbod skal bidra til at pasientar/brukarar betre kan meistre livet og auke livskvaliteten. Avtalen byggjer på:

### Lover og forskrifter:

- Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. (LOV-2011-06-24-30)
- Lov om spesialisthelsetenester (LOV-1999-07-02-61)
- Lov om psykisk helsevern (LOV-1999-07-02-62)
- Lov om pasient- og brukarrettar (LOV-1999-07-02-63)
- Lov om folkehelsearbeid (folkehelselova)
- Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator (FOR-2011-12-16-1256)
- Forskrift om prioritering av helsetenester, rett til nødvendig helsehjelp frå spesialisthelsetenesta, rett til behandling i utlandet og om klagenemnd (prioriteringsforskrifta) (FOR-2000-12-01-1208)
- Forskrift om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern m.m. (FOR-2011-12-16-1258)

### Andre føringar:

- Stortingsmelding 16 (2010–2011) Nasjonal helse- og omsorgsplan IS-1947 kap. 5.2
- St.meld. nr. 47 (2008-2009) Samhandlingsreformen — Rett behandling – på rett sted – til rett tid: Kap.6.6, 7.6.3 og 7.6.6.
- St. meld nr25 (2005-2006). Mestring, mulighet og mening: Kap.11.1 Side 105
- St. meld.nr 16 (2002-2003). Resept for et sunnere Norge: Kap.4 og 6.
- Meld. St. 34 (2012–2013): Folkehelsemeldingen — God helse – felles ansvar: Kap. 1.3, 1.5.3, 8 og 9

- Meld. St 29 (2012-2013) Morgendagens omsorg: Kap: 1.2.1, 2.1.1, 2.3.2, 2.4, 2.5 og 4.5.1
- Meld. St. 10 (2012-2013). God kvalitet – trygge tjenester: Kap.4.5
- Meld. St. 16 (2010-2011). Nasjonal helse og omsorgsplan: Kap 5.2, s. 56/57. Kap.6 s. 73
- NOU 2011: 11 Innovasjon i omsorg: Kap.5.5.7.
- NOU 1998: 18. Det er bruk for alle
- Nasjonal veileder: Samhandlingsreformen - Lovpålagte samarbeidsavtaler mellom kommuner og regionale helseforetak/helseforetak
- Veileder for kommunale Frisklivssentra (Revidert utgave 2013): Kap 3, 5 og 7
- NCD – strategi 2013 – 2017
- Helse 2020 (Helse Vest): Kap. 6.1.4

Opplistinga er ikkje uttømmende.

Avtalen omfattar samarbeid i tilknytning til lærings- og meistringstilbod. Målet er å legge til rette for å avklare og regulere ansvar og oppgåver som kommunen og helseføretaket kan samarbeide om, og likeins avklare område som partane har/kan ha særskilt ansvar for.

### 3. Føremål

Denne delavtalen har som føremål å avklare helseføretaket og kommunen sine ansvarsområde for lærings- og meistringstilbod, for å bidra til å førebygge og mestre og lære å leve med sjukdom/nedsett funksjonsevne. Avtalen skal gjennom dette bidra til å avklare ansvarsfordeling og samarbeid innan ein viktig del av den samla rehabiliteringsverksemda.

Utvikling av tilbod i tråd med samhandlingsreforma der kommunane skal ta eit større ansvar for pasienten si helseteneste, vil over tid kreve overføring og utveksling av kompetanse innan fag og metode. I denne samanhengen må bruken av telemedisinske løysingar fortløpande vurderast.

Partane er samde om å bygge vidare på det som allereie er etablert av godt samarbeid og felles tiltak mellom helseføretaket og kommunane. Delavtalen omtalar, og tar utgangspunkt i korleis:

- partane kan få auka kunnskap knytt til helsepedagogikk.
- ein kan regulere bruken av fagpersonar på tvers av forvaltningsnivåa.
- likemannsarbeid i organisasjonane kan vere ressursar i lærings- og meistringstilbod.

#### **4. Auka kunnskap knytt til helsepedagogikk**

Med helsepedagogikk forstås vi pedagogisk verksemd basert på fag- og erfaringskunnskap og kjennskap til endringsfokusert arbeid der undervisning har som føremål å auke graden av meistring, styrke trua på egne evner, bevare og /eller fremje helse og velfere hos individet, i familien, i miljøet eller i samfunnet.

##### Felles ansvar:

Kommunane og helseføretaket skal samhandle om gjensidig kompetansebygging og kompetanseoverføring i høve helsepedagogikk, samt legge til rette for at tilsette kan delta og bidra i ulike opplæringstilbod.

##### Helseføretaket har ansvar for:

- at Lærings- og meistringssenteret arrangerer minimum ei årleg nettverkssamling med fokus på helsepedagogiske tema.
- å opprette eit arbeidsutval med brukarrepresentantar og kontaktpersonar frå første- og andrelinjetenesta som planlegg nettverkssamlingane.
- at ressurspersonar står til disposisjon i høve til å rettleie kommunehelsetenesta, slik at helsepersonell får styrka kompetansen sin til å handtere nye oppgåver i samband med lærings- og meistringstilbod.
- at oversikta over kommunale kontaktpersonar er ajourført, og gjort tilgjengeleg på føretaket sine internettsider (sjå pkt. under: «*Kommunen har ansvar for*»).

##### Kommunen har ansvar for:

- at lærings- og meistringsarbeid blir implementert i kommunale planar.
- å definere og plassere ansvar for lærings- og meistringsarbeid i eigen organisasjon, og oppnemne ein kontaktperson for nettverksarbeidet.
- å legge til rette for at ressurspersonar kan bidra til å dele kunnskap og erfaring.

#### **5. Bruk av fagpersonar på tvers av forvaltningsnivåa**

##### Felles ansvar:

Partane skal samarbeide slik at ein kan tilby eit breitt spekter av lærings- og meistringstilbod i eit heilskapleg pasientforløp innan både somatikk og psykiske helsetenester.

Partane må synleggjere lærings- og meistringstilboda på eigne internettsider, og eventuelt i andre informasjonskanalar.

Partane i denne avtalen, xx kommune og Helse Førde, dekkjer egne kostnader.

Begge partar skal komme med innspel i samband med revisjon av delavtalen.

#### Helseføretaket har ansvar for:

- å etablere lærings- og meistringstilbud som er korte, intensive og diagnosespesifikke. Tilboda skal rette seg mot brukargrupper der det er behov for spesialkompetanse utover det førstelinetenesta kan bidra med.
- å bidra med rettleiing og direkte deltaking frå fagpersonar når det er føremålstenleg og praktisk mogleg.

#### Kommunen har ansvar for:

- å tilby generelle meistringskurs med fokus på helsefremming, førebygging og utfordringar knytt til det å leve med sjukdom og/eller nedsett funksjonsevne.
- å arbeide for å få tettare oppfølging av brukarar og deira nærpersonar i dei store diagnosegruppene. Grupper som bør vurderast er diabetes, overvekt, hjarte- og lungesjukdom, angst og depresjon, demens, kreft, muskel-/skjelettlidingar, nevrologiske lidningar og rus- og avhengighetsproblematikk.
- å vurdere tilbud i samarbeid mellom fleire kommunar, og eventuelt helseføretaket.

## **6. Likemannsarbeid i organisasjonane som ressurs i lærings- og meistringstilbud.**

#### Felles ansvar:

Det skal vere brukarmedverknad i planlegging, gjennomføring, evaluering og utvikling av alle lærings- og meistringstilbud. Arbeidsmåten er basert på dialog, og er forankra i verdiane om sidestilling av brukarerfaring og fagkunnskap.

På dei områda der det er brukarorganisasjonar i fylket/kommunen som organiserer ulike diagnosegrupper bør desse kontaktast for eventuelt samarbeid.

#### Helseføretaket har ansvar for:

- å utarbeide forslag til felles retningsliner for honorering av brukarrepresentantar, både i første og andrelinetenesta.

#### Kommunen har ansvar for:

- at eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne i kommunane og aktuelle lag og organisasjonar, skal kontaktast når det er føremålstenleg i høve til kartlegging av behov, utvikling og evaluering av tilboda.

## **7. Forholdet til rammeavtalen**

Føresegner i rammeavtalen gjeld tilsvarande for denne avtalen. Ved motstrid mellom denne avtalen og rammeavtalen, går rammeavtalen føre.

## **8. Handtering av usemje**

Ved usemje skal partane følgje reglane i rammeavtalen.

## 9. Misleghald

Dersom ein av partane misligheld sin del av avtalen med vedlegg, og dette påfører den andre parten dokumenterte tap, kan tapet blir kravd dekkja av den som mislegheld avtalen.

## 10. Avtaletid, revisjon og oppseiing

Avtalen trer i kraft frå 01.11.15, og gjeld fram til ein av partane seier opp avtalen med eitt års oppseiingsfrist.

Partane er samde om å gjennomgå avtalen innan desember annankvart år og syte for jamleg rapportering og evaluering.

Kvar av partane kan krevje avtalen revidert dersom vesentlege føresetnader for avtalen blir endra.

-----

Dato

02.07.15

-----

xx kommune

Vidar Roseth  
samhandlingssjef  
Helse Førde HF